

Følgjande spørsmål vart reist av representanten **Jana Midelfart Hoff (H)**. Utheva skrift er frå representanten. Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling svarar.

**Håndteringen av gjødsel/biomasse/matavfall er blitt stadig mer komplisert for bøndene på Vestland. Det er få mottak, noe som gjør at det blir lange transportdistanser. Samtidig er jo gjødsel en ressurs og selges for eksempel dyrt på hagesentre.**

**Er Vestland fylke klar over problemstillingen?**

**Hvordan kan fylket stimulere til at det etableres flere lokale kompostanlegg og biogassanlegg, og til at gjødsel kan bli en kortreist ressurs, brukt lokalt?**

Svar:

Husdyrgjødsel er ein ressurs for bonden. Det viktigaste og mest kortreiste mottaket for husdyrgjødsel, er det dyrka arealet til kvar enkelt bonde. Færre og større driftseiningar særskilt innan mjølkeproduksjonen, har som konsekvens at meir areal ligg lenger frå fjøs og gjødsellager. Det fører til meir og lenger transport av både husdyrgjødsel og fôr, noko som krev tid og fører til auka kostnader for bonden. Avstand, men også andre faktorar som knapp lagerkapasitet, vêr og vind, kan gjere det utfordrande å få brukt husdyrgjødsel til rett tid og ei mest mogleg optimal måte. Resultatet kan bli ureining gjennom tap av næringsstoff til luft og vatn. Krav til korleis husdyrgjødsel skal handterast og krav til bruk, går fram av «Forskrift om gjødselvarar mv. av organisk opphav». Kommunane har ansvar for at kvar enkelt bonde forvaltar husdyrgjødsel i samsvar med forskrifta.

Matavfall frå gardsbruk blir samla inn og handtert på same måte som matavfall frå andre hushald.

**Kompostanlegg**

Kompostanlegg finn ein i spennet frå det vesle anlegget der ein hushalding komposterer eige organisk avfall, til kompostanlegg drifta av avfallsselskapa. Avfallsselskapa stimulerer til eigenkompostering gjennom redusert renovasjonsavgift og har effektiv innsamling og transport av matavfall. Dei fleste avfallsselskapa i Vestland samlar inn matavfallet skilt frå anna avfall, fleire til eigne komposteringsanlegg. Matavfall frå hushald i Bergen Interkommunale Renovasjonsselskap(BIR) sitt område, blir samla inn og handtert saman med restavfallet med god utnytting av energien i følge bir.no. Ut frå EU sitt reviderte avfallsregelverk, er BIR er pålagt å sortere matavfallet sitt innan 2023. Fylkeskommunen har ikkje ordningar som spesifikt har som mål og stimulere til lokale kompostanlegg.

**Biogass**

Både Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar hadde biogasstrategiar. I forslag til regional plan for næring og innovasjon, bli det lagt opp til at biogasstrategi for Vestland skal innarbeidast i det første fireårige handlingsprogrammet. Grunnlaget for strategien blir lagt i plan for fornybar energi. Biogasstrategien vil bli utarbeidd i samarbeid med aktuelle næringsutøvarar og vil setje retning i høve til utviklinga i Vestland og ta føre seg potensial og utfordringa knytt til biogassproduksjon. Stimuleringstiltak frå fylkeskommunen må tilpassast føringane i strategien.

Hordaland fylkeskommune har hatt ei aktiv rolle i å stimulere til biogass mellom anna ved å yte økonomisk prosjektstøtte. Døme på tiltak som har fått støtte:

- Etablere et økonomisk bærekraftig biogassanlegg for Hardangerregionen - forprosjekt, Jondal kommune, 2019
- Prosjektet i regi av Indre Hordaland miljøverk; «Grøn konkurransekraft 2019» og "Grønn næringsutvikling med biogass på Vestlandet". Som del av prosjektet, er det gjennomført forsøk med biogjødsel til grasproduksjon i Voss herad. Resultata tyder på at biogjødsel er godt eigna til dette.
- Sunnhordaland Naturgass

Enkeltpersonar og landbruksføretak kan søke Innovasjon Norge om støtte til forstudiar, forprosjekt og bygging av biogassanlegg. Andre verksemder kan få økonomisk støtte til å etablere biogassanlegg frå ENOVA.